

## OPPSUMMERING FRÅ INFOMØTE OM FELLES AVLAUP FOR SANGEFJELL

Tid: 14.august 2009 kl 18-19:30 i kommunestyresalen

Deltakerar:

- om lag 100 hytteeigarar,
- representantar frå grunneigarane som planlegg nytt hyttefelt på Sangefjell,
- frå Ål kommune: ordførar Torleif Dalseide, Harald Varlid (drifts- og vedlikehaldsavd) og Reidun Aaker (utviklingsavdelinga).

Konklusjonar:

- Målsetjinga er å finne fram til gode framtidretta avlaupsløysingar for Sangefjell i samarbeid med hytteeigarane og nye utbyggjarar sine representantar
- Alle hytteeigarar, som enno ikkje har gjort det, sender inn opplysningar om vass- og avlaupstilhøva ved hytta si pr i dag til Ål kommune og svarar på om dei er interesserte i å kople seg til eit evt framtidig felles avlaupsanlegg. Eit svarskjema som kan brukast vart delt ut på møtet. Dette skjemaet er å finne på Ål kommune si heimeside [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no) under planar og regulering / andre planar/ Avlaupsløysing for Sangefjell og på Sangefjell si eige heimeside [www.sangefjell.no](http://www.sangefjell.no). Svarfrist 1. september.
- Ål kommune set opp ulike alternativ for framtidig løysing av avlaup frå Sangefjell som vert drøfta med velforeningane/representantar for utbyggjarar i løpet av hausten.
- Det er eit mål at avgjerd om kva løysingar som skal velgjast er avklart i løpet av 2010.

### Kort samandrag av orientering og spørsmål som kom fram på møtet:

Ål kommune orienterte om bakgrunnen for møtet og kva drøftingar som til no har vore mellom Ål kommune og representantar frå velforeningane for Sangefjell I, II, III og Turrhaug/Nystølen.

Ål kommune har fått utarbeidd eit forprosjekt med kostnadsvurdering av ledningsanlegg for tilkopling av hytter på Sangefjell til Ål renseanlegg. Rapporten med tilhøyrande kart vart delt ut på møtet og er å finne på Ål kommune si heimeside og på Sangefjell si eigen heimeside.

Ål kommune har dessverre mangelfulle opplysningar om vass- og avlaupstilhøva hjå mange av hyttene og er avhengig av hjelp for å få oversikt. Brev som vart sendt ut til hytteeigarane i juli i år er basert på dei opplysningane Ål kommune då hadde tilgjengeleg i sine arkiv og var eit førehandsvarsel med 4 vekers svarfrist for å få inn korrigerande opplysningar/merknadar frå hytteeigarane. (Hytteeigarane langs Nystølvegen har enno ikkje motteke brev – dei vil bli sendt ut i løpet av kort tid.)

Forureiningslova opnar for at kommunen kan trekke attende utsleppsløyve som er eldre enn 10 år og endringar i plan- og bygningslova gjeldande frå 1. juli i år gir kommunen heimel for å kunne krevja at også hytter koplar seg til offentleg avlaupsnett viss slikt nett er bygd ut. Nye hytteområde i Ål vert tilrettelagt for høg standard dvs med veg, innlagt vatn og straum. Revidert arealdel av kommuneplanen for Ål som no ligg ute til 2. gongs offentleg høyring (høyringsfrist 14. september) opnar for eit nytt hyttefelt på Sangefjell og gir høve til fortetting av eksisterande felt under føresetnad av tilfredsstillande avlaupsløysing for høg standard. Jo fleire som kan dele på utgiftene dess betre sjanse er det å utvikle fellesgode som til dømes løype- og turstignett, veg, vatn og kloakk i Sangefjellområdet.

Møtelyden hadde mange spørsmål:

- Viss Sangelitippen ikkje skal brukast til masseuttak (jf vedtak i Ål formannskap mai 2009 der utlysing av masseuttak frå tippen vart lagt på vent inntil vegspørsmålet er avklart), er det mogleg å bygge eit fullverdig anlegg der i staden for å føre ledning ned lia?
- Korleis stiller Ål kommune seg til å framleis å nytte Sangelitippen som resipient for gråvatn frå Sangefjell II og III?

Svar: Avheng av kva løysing som etter ei samla vurdering blir valt for området og endeleg planavklaring for tippen. Det vert pr i dag teke ut massar frå Sangelitippen til vegvedlikehald og tippen er framleis føreslege avsett til masseuttak i høyringsframlegg til arealdelen av kommuneplanen for Ål. Det er anleggseigar sitt ansvar å dokumentere resipientevna i høve til aktuelt hyttetall og type avlaup.

- Kan andre løysingar som biodo/forbrenningsdo gjera at det ikkje er naudsynt å finne løysingar både for svartvatn (utslepp frå vassklosett) og gråvatn (utslepp av vaskevatn)?

Svar: Avheng av kva løysing som etter ei samla vurdering blir valt for området

- Kvifor kan ikkje hytter som har WC til tett tank framleis ha ei slik løysing framover?

Svar: Forurensingsstyresmaktene tilrår ikkje WC til tett tank som varig løysing for hytteområde. Ål kommune gir i dag som hovudregel ikkje nye utsleppsløyve frå WC til tett tank som varig løysing. Alternativet vil bli vurdert når endeleg val av løysing for området vert gjort.

- Viss felles ledningsnett vert bygd no og kostnadane delt på eksisterande hytter, kva med nye hytter – blir det Ål kommune aleine som får inntektene frå tilkopling av desse i framtida?

Svar: Nei, det fins andre meir rettvise løysingar for kostnads- og inntekstsdeling.

- Fins det andre måtar å finansiere ei utbygging av nytt fellesanlegg på?

Svar: Vil bli vurdert.

- Kan kommunen pålegge hyttene å legge inn vatn?

Svar: Nei, eksisterande hytter som ikkje ynskjer å legge inn vatn, kan ikkje påleggast å legge inn vatn og kan difor heller ikkje få pålegg om tilkopling til eit evt framtidig felles avlaupsnett. Når det gjeld nye hytter t vil Ål kommune stille krav i planføresegner som sikrar høg standard.

- Korleis vil Ål kommune svare på nye søknadar om utsleppsløyve for enkelthytter eller grupper av hytter?

Svar: Ål kommune vil ikkje kunne handsame enkeltsøknadar fram til val av løysing (ar) for området er avklart. Viss søkjar ynskjer, kan det eventuelt bli gjeve utsleppsløyve til tett tank som mellombels løysing med vilkår om tilkopling til framtidige fellesløysing(ar). Dette vert i dag praktisert i samband med hyttebygginga på Øvre-Ålsåsen som skal koplatt til kommunalt avlaupsnett i løpet av nokre år.

- Kva med utslepp frå bustadhus/gardsbruk i Ål, er det berre hyttene på Sangefjell som kommunen har i søkelyset?

Svar: Nei, Ål kommune har i år gitt varsel om pålegg til om lag 150 bustadhus om utbetring av eldre/mangelfulle kloakkanlegg og har gitt pålegg om tilkopling til kommunalt avlaupsnett for bustader som ligg slik til at det er mogleg.

Ål, 15.8.09

Reidun Aaker